



Klårt for potetkoking på bål på Storhaug. Kjell Erik Taranger og Vigdis Haugland har ti ungar med seg denne dagen: Andrea Hjelmeland, Stine Soldal, Iver Andre Kårstad, Kristoffer Hauge, Simon Taranger, Thae Taranger, Jostein Soldal, Hanna Tvilde, Sindre Feet og Emilie Bringedal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Lat att augo no, kva høyrer dykk?
- Eg høyrer ein gravemaskin
- Eg høyrer ein fugl

Slik byrja dagen i lavvoen til utebarnehagen på Skårhaug då uskedalen.no var "observatør". No er barnehageavdelinga midt i Uskedalens natur-eldorado inne i det andre året og det er ikkje tvil om at den er ein suksess. Ungane stortrivst med naturen som barnehage, og det gjer også personalet.

Det er 12 ungar mellom tre og fem år på Skårhaug og kvar torsdag skjer skiftet til 12 nye.

- Det er stor søknad hit. Vi snakka om ein uteavdeling i fleire år før vi kom i gang. Prosjektet vart påskynda av den lange ventelista. Her kunne vi få til ei avlasting samstundes som ein utebarnehage er eit framifrå pedagogisk opplegg, seier førskulelærer og leiar for uteavdelinga Kjell Erik Taranger. Han har anten Vigdis Haugland eller Eva Irene Myklebust som assistent på Skårhaug.

Denne dagen står potet med smør og steikt sopp på menyen og alle går i gang med tillaginga. Ungane veit forbløffande mykje om farlege og ufarlege sopp. Dei har plukka ivrig under marsjen opp mot Skårhaug og ramsar opp dei soppene dei har funne og som ikkje er giftige: Kantarell, kremle, steinsopp, brunskrubbe....

Men Kjell Erik har "juksa litt", han har vore på butikken og snart fresar mykje sopp i panna. Steikinga skjer sjøvsagt på bål, saman med potetkokinga.

Nokon trur kanskje at det er problematisk å ha barnehagdrift ute, men slik er det slett ikkje.

Førre skuleåret var det berre ein dag som måtte avlysast på grunn av veret. Men etter ein av dei verste stormane låg lavvoen flat. Den vart sett opp på dugnad etter at AFA hadde laga ein platting. Inne i lavvoen er det vedovn som dei fyrar i om det blir kaldt i veret. Då blir det fort 25 gradar.

- Ungane klagar aldri på ver og vind, seier Kjell Erik.

Ungane lærer ikkje minst å kle seg godt når dei er i utebarnehage. Og så har opphaldet der ein positiv innverknad på motorikken, som pedagogane kallar det. Ungane klatrar og kryp og typisk nok har dei ikkje hatt ei einaste fallulukke så langt sjølv om det er bratt i Skårhaug.

Ungane lærar seg å bruka beina. Det er ein kilometers marsj frå barnehagen til utebarnehagen, dit dei kjem ved 10-11-tida. Heimturen mellom klokka 14 og 15 er noko lettare – den går over Myra.

Utebarnehagen har slett ikkje grodd fast på Skårhaug. Ungane har vore på Revhaug, der det er ein gapahuk og dei har gått på skeiser på Fjellandsbøvatnet. Dei har jamvel vitja steinparken og baroniet. Det er viktig å skifte beite og Kjell Erik ser fram mot eit godt og fruktbart samarbeid med den private barnehagen som snart kjem eit lite steinkast unna – på Dønhaug. Der er det til dømes gode moglegheiter for aking viss det kjem snø.

- I morgon kjem det reportasje om oss på internett. Har vi internett her, spør Kjell Erik ungene.

- Nei, her har vi berre ein ovn, er svaret.

Av Ola Matti Mathisen



Soppmåltidet under planlegging ved lavvoen på Skårhaug. Leiår for uteavdelinga Kjell Erik Taranger står saman med ungene. (Foto: Ola Matti Mathisen).